

† KYRKJEHELsing

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2011
36. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 56 19 22 82

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy

TRYKK: BODONI



Årshjulet snur seg umerkeleg frå dag til dag, og no har september, den første haustmånaden, dukka opp på kalendaren. Det som stod og blømde i mai, skal haustast om ikkje lenge. Det vi sette i jorda, skal snart avsløra sitt potensiale.

På forsida denne gongen kan vi sjå eit bilete av den franske målararen Jean-Francois Millet. Då han måla det i 1857, gav han biletet tittelen *Bøn for potetavlinga*. To år seinare forandra han litt på målarstykket: Millet måla inn det vesle kyrkjetårnet vi ser bak kvinna sin rygg og endra tittelen til *Angelus*.

Mange av oss kjenner dette motivet att frå alle kopiar som er laga. Biletet vart populært grunna sitt jordnære og klare uttrykk, ikkje minst på landsbygda. Vi kan tydeleg sjå eit ungt par kledd i bondeklede som haustar avlinga på åkeren, og som bøyer seg i bøn. Kvinna har folda hendene, mannen har teke av seg hatten. Tittelen *Angelus* referer til ei katolsk tidebøn som vart kunngjort med tre gonger tre klokkeslag, noko vi også har teke vare på i kyrkja vår og gjennomfører mot slutten av kvar gudsteneste.

Målaren hadde sjølv sett foreldra sine bøya seg i bøn då dei høyrde klokkene frå kyrkjetårnet kunngjera *Angelus* – tidebøna. Millet var oppvaksen på landsbygda nordvest for Paris. "Kan du høyra kyrkjeklokkene?" spurde han agenten sin då han presenterte biletet.

Millet måla mange bilete av bønder i arbeid, og blei skulda for å vera sosialist i ei tid då ein stort sett berre måla bibelske motiv og heroiske historiske hendingar. Han heidra kvardagsmennesket og viste fram trua deira og slitet dei hadde for det daglege brød. Det var først etter kunstnaren sin død i 1875 at biletet verkeleg vart berømt. Den seinare så kjende målaren Vincent van Gogh var ein av dei som beundra Millet sin stil og motiva han nytta. *Angelus* er ein heil andakt i seg sjølv.

- Kristoffer Foldøy

Kjærleiken toler alt

Av Geir Sørebo, Prost i Nordhordland prosti

***Kjærleiken er langmodig, kjærleiken er velviljug
Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler
han (1 Kor 13, 4-7).***

Eg var nett i eit bryllaup der desse orda vart lesne. Det var fint. Orda om kjærleiken som toler alt, gav ei fin ramme rundt eit vakkert brudepar som så tydeleg viste at dei elska kvarandre. Eit samliv kan så visst møte motbakkar. Men kjærleiken toler alt.

Dei same orda vart også lesne i mange gravferder etter katastrofen på Utøya. Eg las desse orda sjølv to gonger i Hamre kyrkje der vi tok farvel med to flotte ungdomar. Også i denne triste og tunge situasjonen var det godt å kunne støtte seg til desse orda om kjærleiken som toler alt. Og samstundes hørde eg inne i meg Arnulf Øverland si dirrande stemme: *Du skal ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv.*

Eg prøvde å memorere meir av Øverland sitt dikt:
*Du må ikke sove! Du må ikke sove! Du må ikke tro at
du bare har drømt. Du mener, det kan ikke være sant, så
onde kan ikke mennesker være”* .

Treffande ord. Erfart av Øverland under krigen. Erfart av oss i 2011. Det eksisterer ein vondskap som vi tenkte ikkje hørde til i denne verda og som vi prøver å plassere i draumane og fantasiane si verd. Men vi må ikkje sove. Vi må halde oss vakne. Vi må protestere mot nedbrytande krefter og idear. Og kva er vårt våpen? Kva står det på vår fane? Der står desse orda: Kjærleiken toler alt.

Korleis kan hat og vondskap overvinnast? Med meir hat? Nei, med kjærleik. Kjærleiken er den motgifta som hindrar hat i å spreie seg. ”Far forlat dei, for dei veit ikkje kva dei gjer”, sa Jesus om dei som torturerte han. Han møtte hat med kjærleik. Eg var sjølv med i eit stort folketog med roser gjennom Høyanger sentrum. Før toget starta, song vi: ”Gjev meg handa di ven når det kveldar”. Og eg har måtta tenke i ettertid: Ungdommane som døydde vart opphav til at vi viste omsorg for kvarandre på ein ny måte. Kjærleiken toler alt. Nei, vi skal ikkje sove. Vi vil ikkje tole urett. Vi vil kjempe mot uretten med kjærleik. Vi vil lindre sorga med kjærleik og omsorg. Alle som er direkte berørt, må få vite alt dei treng om hendingane på Utøya og i regjeringskvartalet. Etterforskinga må ikkje snevrast inn pga. sparetiltak. Alle detaljar bør kartleggjast. Dei berørte må få lov til å kjenne på eit berettiga raseri og sinne. Rettsaka må gå sin grundige gang, og straffeutmålinga må vere i samsvar med vårt lovgrunnlag.

Men vi andre treng ikkje få innsyn i alle detaljar. Vi burde vere spart for sensasjonsprega framsider i taboloidavisene. Vi skal imidlertid vere vakne i høve til dei destruktive ideane, og vi skal svare dei destruktive ideane med ein heilt anna idè. Ideen om kjærleiken som toler alt. Kjærleiken som knyter ulike menneske, ulike kulturar, ulike rasar, ulike meiningar saman i eit rikare fellesskap. Ja, som djupast sett knyter Gud og menneske saman. Den kjærleiken som avslører at alle menneske på denne jorda har same verdi.



VELKOMMEN TIL BRUVIK KYRKJE!

Lengst inne i Sørfjorden, ei god mil frå Kvisti bru, ligg bygda Bruvik, solvendt og lunt i le av Bruviknipa. Her bur om lag 300 menneske. Vi har skule, nærbutikk, brannstasjon, vognfabrikk, kulturhuset Knausatun og ei kyrkje. Kyrkja har anar frå 1340, vart nybygd på 1600-talet og bygd igjen som tømra langkyrkje i 1867.

Bruvik kyrkje framstår i dag som ein pryd for bygda. Etter eit sal av prestebustaden nyleg vart pengane nytta til etterlengta maling og vedlikehald. Men dugnadsanda er stor på Bruvik. Kyrkjegarden er no rusta opp med hekk, flaggstang, rydding av krattskog, planering og barkleggjing, og reingjering av bautasteinen for dei falne i 2.verdskrigen. Smijernsporten har fått eit strok maling og det er laga faste rutinar for grasklypping.

Inne i kyrkja er sakrestiet og våpenhuset nymåla i lysare fargar. Interiøret frå den gong Harriet Backer måla "Barnedåp i Tanum kirke" har nok endra seg. No framstår Bruvik kyrkje som lys, varm og imøtekommande. Soknerådet vil at folk skal føla velvære i kyrkja. Nytt teppe er lagt ned langs heile golvet i sjølv kyrkjerommet og rundt alteret. Bak i kyrkjerommet er ei rekkje av benkane fjerna og ein annan er snudd motsett veg. Dette har gjeve ein etterlengta friplass til møteverksemd, kyrkjekaffi, soknerådsmøte og konfirmantførebuingar.



Soknerådsleiaren ønskjer velkomen.





Bruvik kyrkjering har mykje av æra for at dette har lete seg gjera reint økonomisk. Kyrkjeringen starta i 1991 og har møter kvar 14.dag. Der er det åtte handlingsdyktige kvinner med, fleire av dei har teke del heilt frå starten. Mellom anna har dei ein årleg basar i Knausatun.

Bruvik sokneråd er drivkrafta bak dugnadsarbeida og gjennomføringa av prosjekta.

Planane er mange, men med streng prioritering nyttar vi dugnadsgjengen og dei økonomiske rammene på ein god måte. Vi er stolte av resultatet!

I tillegg er ein dugnadsgjeng på Bruvik i fullt arbeid med restaurering av Prestekaiaen.

Tekst: Wenche Fiskeseth, soknerådsleiar på Bruvik.

Foto: Åse Hartveit Faugstad



Nytt teppe på golvet i kyrkja.

SUNDAG FOR DEI FORFØLGDE

I mange deler av verda i dag er menneske forfølgde på grunn av trua si. Dette har vore eit aukande problem særleg dei siste 50 åra. Gisle Skeie i "Norsk misjon i aust" hevdar at det er nær sagt umogleg å talfesta kor mange som sit i fengsel, vert utsette for tortur eller vert drepne for trua si. Men når det gjeld forfølging av kristne spesielt, veit me at omkring 200 millionar av dei lever i samfunn der dei anten vert, eller dagleg står i fare for å verta, forfølgde. Dette gjeld særleg i muslimske statar (t.d. Indonesia, Pakistan, Midt-Austen og Nigeria), i kommuniststatar (Nord-Korea, Vietnam og Laos) og i militærdiktaturet Myanmar (Burma).

Tekst: Øyvind Vevle

Dei siste åra har det og vore omsegripande forfølging av kristne i India av hindunasjonalistar. Dette vart for alvor kjent for omverda i august 2008. Då vart fleire hundre kyrkjer, butikkar og kristne heimar øydelagde i delstaten Orissa etter at ein hinduleiar vart drepent, ei handling som dei kristne urettvist fekk skulda for. Det vart meldt 118 drap, men truleg var talet langt større. Mange vart drivne på flukt. Seinare har det kome mange meldingar om plaging med verbale og fysiske krenkingar av kristne, også av kvinner og born. Det er særleg den hindu-nasjonalistiske rørsla "hindutva" som står for forfølgingane. Under slagordet "Eitt land, eitt folk, ein religion" ynskjer ein å gjera hinduismen til den einaste religionen i landet. Berre siste året er det kjend fleire tilfelle av at hinduistar har samla seg der kristne held gudsteneste, tek seg inn i huset og tek Biblane frå dei som er samla, kjem med hånlege og hatefulle ytringar og slår dei fordi dei følger Kristus. Det kan gå så hardt for seg at dei kristne må få behandling på sjukehus. Politiet går fram litt ulikt frå stat til stat i det store landet. I delstaten Karnataka tvinga om lag 50 hinduekstremistar seg inn i ein privat heim der 40 kristne var samla til bønemøte. Politiet kom til staden og tok med seg nokre av dei kristne til politistasjonen der dei vart forhøyrede saman med nokre av hindu-ekstremistane. Det enda med at politiet gav ekstremistane ein reprimande og sa at dei kristne ikkje hadde gjort noko gale.

I statar som vert styrde av hindu-nasjonalistar vert det arbeid for å få vedteke anti-konverteringslover som vil gjera det ulovleg å gå over til ein annan religion enn den som fleirtalet har. I desse områda er det ikkje uvanleg at styresmaktene heller vernar om overgriparane enn om dei som vert forfølgde.

Ei gruppe som er særleg utsett for forfølging, er dalitane (dei kastelause). Offisielt er det gamle kastevesenet avskaffa ved lov i India, men i praksis vert det ført vidare i kvardagslivet. Mange av dalitane går over til kristendomen, men det vert ikkje teke nådig opp av "hindutva". I etterkant av vald og uro har det vorte avslørt mange tilfelle av menneskehandel. Unge fattige kristne jenter (spesielt dalitar) får tilbod om godt betalt



Den 13. nov 2011 vert "Sundag for dei forfølgde" markert i kyrkjer over heile verda. I 2010 vart det gjort i kyrkjesamfunn i meir enn hundre land. I Noreg er det "Norsk misjon i aust" og "Opne dører" som arbeidar sterkt for ei markering. I år er det situasjonen for dei kristne i India som er i søkjelyset. Dei oppmodar kyrkjelydane i landet om å visa solidaritet med dei kristne som vert undertrykte eller forfølgde. "Norsk misjon i aust" støtter bl. a. fri rettshjelp til fattige kristne og har kurs i menneskerettar for pastorar og kyrkjeleiarar. Diverre ser det ut til at det er liten vilje både i vårt land og i andre av dei gamle kristne landa til å ta tak i den alvorlege situasjonen som mange kristne lever under i dag. Di større grunn skulle det vera for kristne kyrkjelydar og forsamlingar til å gjera noko for våre medkristne som lir, t.d. informera om og gje offer til "Norsk misjon i aust" i gudstenester/møte denne dagen. Det er i samsvar med oppmodinga i Gal. 6, 10: -Lat oss difor, medan vi har tid, gjera det gode mot alle, men mest mot dei som høyrer trua til.

Meir info på www.nmo.no.

Gje kyrkja gode råd!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme



Kven vil du skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»?

Alle kyrkjemedlemer som er 15 år eller eldre kan vera med på å bestemma dette direkte. Ved å røysta ved bispedømerådsvalet, er du med på å bestemma kva retning Den norske kyrkja skal gå i.

På dei neste sidene får du ein kort presentasjon av kandidatane til bispedømerådsvalet. Meir informasjon om kandidatane og svara deira på aktuelle kyrkjelege spørsmål finn du på: www.kyrkja.no/bjorgvin



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Kyrkjevalet
2011

Dei leke kandidatane i alfa



Nils Dagestad

68 år. Bonde/pensj. rektor. Voss, Hardanger og Voss prosti.

Bakgrunn:

Sokneråd, kommunestyre og fylkesting. Leiar for fleire utval, store prosjektarbeid og tingingar med sentrale styresmakter.

Satsingsområde:

- Forna og vitalisera forkynninga
- Rekruttering, engasjera frivillige
- Skapa glede og entusiasme
- Tenkja heile menneske



Eivind E. Elseth

27 år. Student. Fridalen, Bergen domprosti.

Bakgrunn:

KFUK-KFUM (leiar vinterfestival, krinsstyre), sokneråd, ungdomsrådet i Bjørgvin (leiar og nest-leiar), repr. skap Kirkens SOS Bjørgvin, vik. kateket i Olsvik.

Satsingsområde:

- Trusopplæring, born og unge
- Utvikle diakonale tiltak



Terje Roald Halsnes

51 år. Hjelpepleiar/bonde. Fjaler, Sunnfjord prosti.

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, leiar fellesråd, styre for kyrkjelydshus, vara kommunestyre, leiar grendelag.

Satsingsområde:

- Trusopplæring
- Ny gudstenesteordning
- Inkluderande kyrkje
- Ungdomsarbeid
- Diakoni



Bjarte Hetlebakke

21 år. Student. Salhus, Arna og Åsane prosti.

Bakgrunn:

Leiar KRIK-lag, konfirmantlærer, styremedlem Hordvik indremisjon, fritidsforkynnar Nordhordland Indremisjon.

Satsingsområde:

- Ungdomsarbeid
- Smågrupper
- Forholdet kyrkje/bedehus
- Liturgi



Berit Nøst Dale

59 år. Høgskolelektor. Meland, Nordhordland prosti.

Bakgrunn:

Sokneråd, Normisjon (landsstyret og regionsstyre). Leiar gudstenestelag.

Satsingsområde:

- Trusopplæring for vaksne
- Frivilligarbeid i kyrkja
- Borna sin plass i gudstenesta



Sigbjørn Grønås

72 år. Prof. emeritus. Os, Midhordland prosti.

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, tekstlesar, medlem av gruppa for miljø, forbruk og rettferd i Bjørgvin, Naturvernforbundet, Besteforeldreaksjonen for ansvarleg klimapolitikk.

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring, konfirmantar
- Kreativt gudstenesteliv
- Vår jord, forbruk og rettferd
- Offentleg debatt



Cathrine Waaler Halstensen

33 år. Einingsleiar. Bergen domkirke, Bergen domprosti.

Bakgrunn:

Medlem bispedømerådet, prosti-leiar og dagleg leiar ulike sokn i Bergen, Kirkens bymisjon, styremedl. Norges huseierforbund.

Satsingsområde:

- Diakoni, inkludering, omsorg
- Ungdomskulturkirken St. Jakob
- Born og unge
- Unge vaksne i kyrkja



Ingmar Ljones

68 år. Pensjonist. Arna, Arna og Åsane prosti.

Bakgrunn:

Medlem Bjørgvin bispedømedømeråd. Leiar sokneråd og Bergen kirkelige fellesråd. Ordfører, stortingsrepresentant, m.m.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid
- Gudstenestefellesskap
- Diakoni
- Samarbeid andre lag/org.
- Frivillige medarbeidarar



Terje S. Edvardsen

66 år. Adm.dir. Fridalen, Bergen domprosti.

Bakgrunn:

Leiar for etabl. av Kirkens bymisjon Bergen, styreleiar bymisjonen, men. råd, Åpen kirke, Haraldsplass diakonale sykehus/høgskole, Garnes U-senter, Diakoniledermøtet m.m.

Satsingsområde:

- Trusopplæring • Kyrkjeoppslutnad
- Stat-kyrkje reform • Diakoni
- Ungdomsarbeid



Hildur Heie

57 år. Pleie- og omsorgsleiar. Tysnes, Sunnhordland prosti.

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, politiske verv. Representantskap Bergen diakonissehjem.

Satsingsområde:

- Gudstenesta
- Diakoni
- Trusopplæring
- Misjon

betisk rekkefølgje

Kyrkjevalet
2011



Egil Morland

61 år. Førstelektor. Fjell, Vesthordland prosti.

Bakgrunn:

Bjergvin bispedømeråd, rektor NLA, Ulike prestestillingar, leiar presteforeininga, leiar bedehus, kommunestyre, varaordførar m.m.

Satsingsområde:

- Døpsopplæring/foreldre-ansvar
- Gudstenesta, innføring av ny liturgi
- Avvikling av statskyrkja



Inger Helene T. Nordeide

50 år. Utviklingsleiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Bakgrunn:

Bjergvin bispedømeråd, Senter for Livsmeistring, leiar kyrkjetun, søndagsskulelærar, kyrkjeblad.

Satsingsområde:

- Open og tydeleg kyrkje
- Diakoni
- Trusopplæringsreforma
- Arbeidsvilkår for prestar
- Stat-kyrkje spørsmålet



Ruth Ingrid Skoglund

46 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Bakgrunn:

Styringsgruppe trusopplæringa i Fjell, søndagsskule. Forskningsprosjekt tilknytta Stiftelsen Kirkeforskning (KIFO)

Satsingsområde:

- Trusopplæring
- Familiearbeid



Vemund Atle Øiestad

63 år. Tannlækjar. Nordsida, Nordfjord prosti

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, fellesråd og prostiråd, diverse prosjekt-arbeid tannhelse.

Satsingsområde:

- Trusopplæringsreforma
- Gudstenestereforma
- Ei arbeidsgjevarlinje i kyrkja
- Grøn kyrkjelyd
- Vedlikehald kyrkjebygg



Kari Synnøve Muri

46 år. Fysioterapeut og folkehelsekoordinator. Olden, Nordfjord prosti.

Bakgrunn:

Sokneråd, fellesråd, Normisjon, Leiar vegleiingstenesta i Oase. Innvik Fjordhotell Misjonsheimen, Norsk Fysioterapeutforbund, Indre Nordfjord Turlag (DNT) m.m.

Satsingsområde:

- Levande gudstenester
- Bønearbeid
- Trusopplæring for alle
- Medarbeidarskap
- Diakoni lokalt og globalt



Arnt Erik Nordheim

29 år. Rådgjevar. Stedje, Indre Sogn prosti.

Bakgrunn:

Jurist. Nestleiar ungdomsrådet i Bjergvin, Indremisjonen

Satsingsområde:

- Bibeltru lære
- Konfirmantarbeid
- Diakonale tenester
- Trusopplæring
- Samhandling



Aud Marie Stundal

60 år. Studieleiar. Kaupanger, Indre Sogn prosti

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, fellesråd, kyrkjeblad, frivilligsentral, bedehus, skule- og ungdomskorps m.m.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid
- Ta i bruk den nye liturgien
- Samarbeid mellom kyrkja og andre kristne organisasjonar



Julie-Ane Ødegaard

28 år. Stipendiat. Løvestakksiden, Bergen domprosti.

Bakgrunn:

Krinssekretær Bjergvin KFUK-KFUM, medlem av krinsstyret, menighetskonsulent, frivillighetskoordinator, studiekonsulent, ungdomsarbeidar, kordirigent m.m.

Satsingsområde:

- Ei folkekyrkje å være glad i
- Forbruk og rettferd
- Lokalsamfunn & kyrkjelyd
- Kultur
- Medarbeidarskap



Marta Onstein

52 år. Lærar. Etne, Sunnhordland prosti.

Bakgrunn:

Leiar sokneråd, prostiråd, speidarleiar i 31 år, Leiar Forteljarfestival i Etne.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid

Kva er bispedømerådsvalet?

11. - 12. september er det kyrkjeval, i tillegg til kommune- og fylkestingsvalet. Denne dagen skal tre av dei leke medlemmene til Björgvin bispedømerådet veljast. Dei vert også utsendingar frå Björgvin til Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet vil ha ei viktig rolle i å bestemma korleis Den norske kyrkja skal organiserast etter kvart som banda til staten vert lausare.

Ytterlegare fire medlemmer i bispedømerådet vert i november valde av dei nye sokneråda. I tillegg skal prestane og andre tilsette i kyrkja velja to medlemmer. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet.

Slik røystar du ved valet

- Som kyrkjemedlem kan du røysta på den eller dei personane dei helst vil ha inn ved å setja tal framfor namnet (sjå eksempel under til høgre).
- Røystesetelen er alfabetisk. Kandidatane har difor like stor sjanse til å bli valde, uavhengig av kvar dei står på lista.
- Røystesetlar utan tal vil bli forkasta. Du må merka minst ein kandidat med eit tal, men kan markera rekkefølja for så mange du vil, opp til 19. Desse skal då merkast frå 1 til 19, der kandidaten som er merka nummer 1 er den du helst vil ha inn.

Kyrkjevalet 2011 – kort sagt

- Døme på utfylt røystesetel vil finnast i vallokalet.
- Valdagane er 11. og 12. september, dei fleste stader berre 12. september.
- Førehandsrøysting er mogeleg frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- I august vil alle med røystrett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Storsatsinga på årets kyrkjeval er eit resultat av kyrkjeforliket i Stortinget i 2008.

Bli betre kjent med dei leke kandidatane til bispedømerådet

Kven er kandidatane? Kva står dei for og kva meiner dei om ulike spørsmål? Les meir i brosjyre du får på kyrjekontoret eller på www.kyrkja.no/bjorgvin. Der finn du bl.a. eit utvida oversyn over kandidatane sin bakgrunn og deira svar på følgjande spørsmål:

- Oppslutninga om gudstenestene går tilbake. Kva kan og bør kyrkja gjere for å snu denne trenden?
- Korleis tenkjer du at ressursar knytte opp til trusopplæringa kan styrke ungdomsarbeidet med utgangspunkt i konfirmantarbeidet?
- Prestane i distrikta gjer teneste i fleire sokn i prostiet. Korleis vil du sikra at kyrkjelyden kan forhalda seg til ein lokalt tilknytta prest?
- Bør Björgvin bispedøme seie ja til å tilsette homofilt samlevande prester? Meiner du Den norske kyrkja bør vedta ein liturgi for vigsel av likekjønna par?
- Kva er den viktigaste utfordringa for kyrkja akkurat no?

Brosjyren med den utfyllande presentasjonen vil bli sendt kyrjekontora før førehandsrøystinga tek til 10. august. Nokre av kandidatane vil også bli å finna på Facebook, sjå link på www.kyrkja.no/bjorgvin

**Val av leke medlemmer til
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD / KYRKJEMØTET** Kyrkjevalet 2011
11.-12. september 2011 (direkte val)

Det skal veljast 3 representantar til bispedømerådet og Kyrkjemøtet. Kandidatlista er uprioritert og sett opp i alfabetisk rekkefølge. Minst ein av kandidatane skal rangerast. Du kan rangere så mange kandidatar som du ønskjer. Røystesetlar med manglande rangering vert forkasta. Marker rangeringa av kandidatar med tal i ruta til venstre for namnet på kandidaten.

Tala skal skrivast slik: Einstraftal skal skrivast slik: Tostraftal skal skrivast slik:

Rangering	Kandidat
☐	Dagestad, Nils, gardbrukar/pensjonist, Voss sokn, 68 år
☐	Dale, Berit Nøst, høgskulelektor, Meland sokn, 59 år
☐	Edwardsen, Terje Steen, adm. dir., Fridalen sokn, 66 år
☐	Elseth, Elvind, student, Fridalen sokn, 27 år
☐	Gronås, Sigbjørn, professor em., Os sokn, 72 år
☐	Halsnes, Terje Roald, hjelpepleiar/bonde, Fjaler sokn, 51 år
☐	Halstensen, Cathrine, einingsleiar, Bergen domkirke sokn, 33 år
☐	Heie, Hildur, pleie- og omsorgsleiar, Tynes sokn, 57 år
BRETTSTYKKE MED TEGNEN RIN	
☐	Hettebakke, Bjarte, student, Salhus sokn, 21 år
☐	Ljones, Ingmar, pensjonist, Arna sokn, 68 år
☐	Morland, Egil, førstelektor høgskule, Fjell sokn, 61 år
☐	Muri, Karl Synneve, fysioterapeut og folkehelsekoordinator, Olden sokn, 46 år
☐	Nordeide, Inger Helene Thingvold, utviklingsleiar, Førde sokn, 50 år
☐	Nordheim, Arnt Erik, rådgjevar, Stedje sokn, 29 år
☐	Onstein, Marta, lærar, Etne sokn, 52 år
☐	Skoglund, Ruth Ingrid, førsteamanuensis høgskule, Fjell sokn, 46 år
☐	Stundal, Aud Marie, studieleiar høgskule, Kaupanger sokn, 60 år
☐	Ødegaard, Julie-Ane, stipendiat, Løvstakksiden sokn, 28 år
☐	Øiestad, Vemund Atle, tannlækjar, Nordsida sokn, 63 år

Valpresentasjon frå valrådet i Björgvin bispedøme

Adresse: Björgvin bispedøme, postboks 1960, 5817 Bergen
Telefon: 55 30 64 70
Telefaks: 55 30 64 85
Internett: www.kyrkja.no/bjorgvin



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

SEPTEMBER

12. s. e. pinse, 4. september 2011: Jes 2,12-17,1-6; Rom 3,21-26;

Luk 18,9-14

Osterøyhallen kl. 11: Jesusfestival.

Haus kl. 19: Presentasjon av konfirmantane. Tomren.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

13. s. e. pinse, 11. september 2011: 1 Sam 3,1-10 2 Kor 3,4-6; Mark 7,31-37

Bruvik kl. 16: Presentasjon av konfirmantane. Tomren.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 11: Presentasjon av konfirmantane. Tomren.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Presentasjon av konfirmantane. Sørheim.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 16: Presentasjon av konfirmantane. Sørheim.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

14. s. e. pinse, 18. september 2011: 3 Mos 19,16-18 1 Joh 4,7-10;

Luk 10,25-37

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Sørheim.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

15. s. e. pinse, 25. september 2011: Sal 146 1 Tess 5,15-24; Luk 17,11-19

Haus kl. 11: Familiegudsteneste. Tomren.

Bok til 4-åringane. Takkoffer til IKO.

Hamre kl. 16: Familiegudsteneste. Sørheim. Bok til 4-åringane.

Osterøy kyrkjekor. IKO Kirkelig pedagogisk senter.

På kyrkjeveg i Hamre.

OKTOBER

16. s. e. pinse, 2. oktober 2011:

Bruvik kl. 11: Familiegudsteneste. Tomren. Bok til

4-åringane. Takkoffer til Leger uten grenser.

Hosanger kl. 11: Familiegudsteneste. Dåp. Sørheim.

Bok til 4-åringane. IKO Kirkelig pedagogisk senter.

Gjerstad kl. 16: Familiegudsteneste. Bok til 4-åringane.

Tomren. Nils Kåre Strøm. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. s. e. pinse, 9. oktober 2011:

Gjerstad kl. 11: Møte/gudsteneste. Møteveke Indremisjonslaga på Osterøy. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

Hamre kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til NLA. Sørheim.

18. s. e. pinse, 16. oktober 2011:

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd.

Deltaking av 50-årskonfirmantane.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

19. s. e. pinse, 23. oktober 2011:

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bots- og bededag, 30. oktober 2011: Luk 13,23-30 Jes 55,6-7; Gal 6,7-10

Gjerstad kl. 11: Bededagsgudsteneste. 50-årskonfirmantar. Tomren.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

NOVEMBER

Helgemesseaftan, laurdag 5. november 2011:

Hosanger kl. 16: Minnegudsteneste. Sørheim. Forsongarar frå

Osterøy kyrkjekor.

Gjerstad kl. 17: Minnegudsteneste. Tomren. Forsongarar frå

Osterøy kyrkjekor.

Hamre kl. 18: Minnegudsteneste. Sørheim. Forsongarar frå

Osterøy kyrkjekor.

Helgemessesundag, 6. november 2011:

Haus kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim, Tomren.

Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Sjelesorgsenteret Haraldsplass.

22. s. e. pinse, 13. november 2011:

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Takkoffer til Redd Barna.

Siste s. i kyrkjeåret, 20. november 2011:

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. 50-årskonfirmantar.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

1. s. i advent, 27. november 2011:

Hosanger kl. 11: Familiemesse. Sørheim.

Osterøy kyrkjekor.

Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag.

Haus kl. 19: Lysmesse. Tomren.

Takkoffer til NMS Lovsongsheimen.

DESEMBER

2. søndag i advent, 4. desember 2011:

Hamre kl. 17: Lysmesse. Sørheim.

Gjerstad kl. 18: Lysmesse. Tomren.

Hosanger kl. 20: Lysmesse. Sørheim.

KYRKJEVAL 2011

Det har vore ein del feil i den informasjonen som kyrkjerådet har sendt i valkorta som kvar einskild fekk tilsendt i posten i midten av juli månad.

Nedanfor er den korrekte informasjonen når det gjeld kandidatar som er på val og valstader med opningstider på Osterøy.

Tekst: Helge Kolstad

1) OVERSIKT OVER KANDIDATAR TIL SOKNERÅDA

BRUVIK SOKN

Wenche Fiskeseth	65 år	Indre Bruvik
Otto Mo	56 år	Indre Bruvik
Aina Solberg	43 år	Skaftå
Erling Bruvik	64 år	Indre Bruvik
Eliane Mo	29 år	Indre Bruvik
Magne Vikne	57 år	Indre Bruvik
Jon Sølve Løvteit	35 år	Bruvikdalen
Ole- Johan Steiner	75 år	Indre Bruvik
Anne Vikne	49 år	Indre Bruvik
Tove Fjeldstad	40 år	Vik
Grethe Lilleheil Ommedal	52 år	Indre Bruvik

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

HAUS SOKN

Madli Kvamme Hannisdal	61 år	Hannisdal
Audhild Pernille Myklebust Torp	55 år	Lekneset
Signe Hannisdal	60 år	Kvisti
Hilda Kristine Aasheim	59 år	Midtre Mjelde
Sissel Fossheim Galaz	40 år	Lekneset
Magne Øyvind Antun	40 år	Lekneset
John Hundhammer	36 år	Kvisti
Astrid Margrethe Marta Rippe Ådland	64 år	Haus
Anette Kårvatn	41 år	Øvre Verkane
Sissel Karin Veseth	62 år	Veseth
Torill Meta Kjellaug Rogde Mjånes	54 år	Åsheim
Elin Åsheim Løvteit	49 år	Åsheim
Anja Beate Røskeland Vatle	24 år	Haus
Asbjørn Olav Skjeldal	68 år	Nedre Verkane

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer

GJERSTAD SOKN

Lillian Bjørnseth	43 år	Revheim
Solveig Bruvik	62 år	Lidtun
Sveinung Hartveit	53 år	Hartvedt
Eli Kvåle Hovden	51 år	Hauge
Rita Merete Kalland	35 år	Lonevåg
Sissel Kallekleiv	39 år	Kallekleiv
Anne Karin Mortensen	68 år	Hatland
Steinar Reigstad	50 år	Hauge
Marion Solberg Vevle	45 år	Lone

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer

HOSANGER SOKN

Signe Røslund	65 år	Mjøs
Jan Roald Myking	67 år	Fotlandsvåg
Sigrun Karlsen	60 år	Fotlandsvåg
Ingrid Jørgensen	65 år	Fotlandsvåg
Janniken Røskeland Mjøs	38 år	Hosanger
Solveig Tepstad	64 år	Fjellskålnes
Torhild Bysheim	58 år	Bysheim
Marit Gravråk Tveiten	49 år	Hosanger
Jan Roald Hanstvedt	54 år	Tyssebotn
Betty Birkeland	71 år	Tyssebotn
Eli Anne Forthun	47 år	Hosanger
Dagrunn Vevle	50 år	Hosanger
Sissel Bjørkheim	67 år	Tyssebotn

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer

HAMRE SOKN

Marit Angelskår	53 år	Hamre
Amund Bleikli	51 år	Hamre
May-Lis Daltveit	54 år	Hamre
Jenny Margrethe Eikeland	61 år	Hamre
Steinar Fitje	33 år	Hjellvik
Ivar Hjellvik	34 år	Hjellvik
Björg Lutnæs	66 år	Hamre
Merethe Mjelstad	35 år	Hjellvik
Yngve Reigstad	25 år	Valestrand
Mona Skrolsvik	45 år	Hjellvik
John-Arne Storebø	35 år	Hjellvik
Åshild Tepstad	63 år	Hjellvik
Ingemar Valestrand	65 år	Valestrand

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer

2) OVERSIKT OVER STEMMELOKALER OG OPNINGSTIDER

SOKN: OPNINGSTID:	STEMMELOKALE:
<u>Bruvik</u> 13.00 – 20.00	Helselagets lokaler
<u>Haus</u> 12.00 – 20.00	Haus skule
<u>Gjerstad</u> 13.00 – 20.00	Hauge skule
12.00 – 20.00	Lonevåg skule
13.00 - 20.00	Grønskaret ungdomshus
<u>Hosanger</u> 13.00 - 20.00	Sion Bysheim
13.00 - 20.00	Hosanger Montesoriskule
13.00 - 20.00	Fotlandsvåg skule
13.00 - 20.00	Tysse skule
<u>Hamre</u> 12.00 – 20.00	Valestrand skule
13.00 – 20.00	Hamre skule
13.00 – 20.00	Hjellvik skule

3) ANNA INFORMASJON

Det skal veljast kandidatar både til sokneråd og bispedømeråd.


Dette er to særskilde val, slik at alle røysteføre kan velja to gonger.

Dersom ein ønskjer det, kan ein velja berre å røyste til det eine rådet.

Korleis ein går fram ved røystinga når det gjeld stryking m.v. er det nøye gjort greie for på røystesetelen du får når du kjem til vallokalet. Der er også valfunksjonærar som gjev rettleiing.

Det er mogeleg å førehandsrøysta måndag- fredag på kyrkjekontoret i kontortida frå og med 15. august 2011.

Dersom det er ønskje om å røyste heime skal me prøva å få dette til dersom let seg gjera.



Kyrkjevalet 2011

Slekters gang

Døypte:

Haus

24.07.11 Emma Tveiterås (busett Gjerstad)

Gjerstad

07.08.11 Ariel Fotland (busett Hosanger)

28.08.11 Noah Keiserås-Myking (busett Åsane)

28.08.11 Maria Holsen Tysse (busett Hosanger)

28.08.11 Adrian Borge (busett Bruvik)

Bruvik

03.07.11 Benjamin Lohne Bjerk (busett Indre arna)

29.07.11 Ask Lodin Vedaa (døpt i Kjeldebotn)

31.07.11 Fillip Teigland Bruvik (busett Gjerstad)

31.07.11 Oscar Teigland Bruvik (busett Gjerstad)

Hamre

29.07.11 Arin Østvik Mostrøm (døpt i Gildeskål)

Hosanger

12.06.11 Preben Myking

17.07.11 Tomine Steinsland Sachariassen

Vigde:

Gjerstad

16.07.11 Ingrid Fosse og Vegard askeland Mjelstad
(busett Bergen)

Hosanger

16.07.11 Rose-Marie Tyssebotn Mo og
Torben Lilletvedt (busett i Stamnes)

Bruvik

13.06.11 Camilla Anne Christine Andersen og
Ole-Tov Normann Aanonsen (busett Oslo)

27.08.11 Ann Kristin Angeltveit og Øystein Vedaa

Haus

09.07.11 Tonje Natalie Aarbakke og Dag Tore Aarbakke

06.08.11 Eli Beate Mjelde og Alexander Stokken
(busett Bergen)

Gravlagde:

Gjerstad

14.06.11 Nora Sofie Clausen (f. 1941) gravl. Landås

14.07.11 Erling Teigland (f.1951)

19.07.11 Astrid Revheim (f.1930)

22.07.11 Johannes Rongved (f.1924)

16.08.11 Asbjørn Kallekleiv (f.1931) (bisett)

23.08.11 Reidar Rosnes (f.1921)

30.08.11 Anlaug Låstad (f.1922)

Hamre

08.07.11 Ingunn Hustrulid (f.1991)

12.07.11 Anna Mjelstad (f.1916)

05.08.11 Tore Eikeland (f.1990)

09.08.11 Tarald Kuven Mjelde (f.1993)

12.08.11 Lars A. Århus (f.1944)

26.08.11 Jenny Eide (f.1921)

Hosanger

28.06.11 Ivar J. Bernes (f.1923)

07.07.11 Ola Tysse (f.1926)

26.07.11 Martin Monrad Perdersen (f.1923)

27.07.11 Normann Herland (f.1941)

29.07.11 Eli Sissel Bjørsvik (f.1962)

10.08.11 Borghild Grønås (f.1919)

KONFIRMANTAR I HAUS

Under biletet av Haus-konfirmantane i siste nummer av kyrkjebladet, vart to namn uteletne. I bakerste rad står det 12 personar, men berre 10 namn er å finna under. Dei som manglar namn, er Sigurd Torp Mostrøm og Karsten Hundhammer Kalland.
Vi beklagar!

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 **BLINK HUS**

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINSTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen **55 39 19 00** | Osterøy **56 19 39 00**
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

***“Orheimkveld” i Gjerstad kyrkje fredag
11. november kl. 19:00***

Knut Risnes fortel livet og diktinga til
Matias Orheim. Det vert salmar/songar og forteljing om
kvarandre. Og det vert lagt opp til
allsong, så her er å gleda seg til.

Det vert kor/forsongarar med.
Her vert kjende og kjære songar som
“Ved Jesu føter ei stille stund”,
“Eg fann min Gud i ungdomsår”,
“Kvardagskristen vil eg vera” m.fl.

Sjå etter nærare annonsering i Bygdanytt i tida før.
- Gjerstad sokneråd



Konsertar

Sundag 25. september 2011

Hosanger kl 19: Konsert med gruppa “Bufaste
tonar”. Håkon Høgemo, hardingfele,
Judith Vestrheim, song, Tom Karlsrud, trekkspel.

Fredag 28. oktober 2011

Hosanger kl 19: Meir himmel, meir jord.
Ei framsyning med bakgrunn i Kristuskransen.
Egon Askvik, piano og refleksjonar,
Kjell Bergsvik, saksofon,
Astri Sudmann, forteljing.

Sundag 13. november 2011

Gjerstad kl 19: Salmeskatten etter Mathias Orheim.
Ferdatalar: Knut Risnes. Osterøy kyrkjekor deltek,
dessutan vert det mykje allsong.

Sundag 18. desember 2011

Hosanger kl 17: Me syng jula inn.

Grufulle nyhende har kome til oss, pint oss og slege oss flate til jorda denne sommaren. Vi har søkt saman i ei kollektiv sorg
på ein måte knapt nok sett tidlegare i fredstid i dette landet. I møtelokale, på torg og i kyrkjer står nasjonen opp traust og sterk
mot det tunge og det vonde. Vi talar, les, syng og musiserar for å æra dei døde og for få tilværet til å hanga saman for oss som
står att og som skal leva vidare.

Neste gong “Kyrkjehelsing” kjem ut, er første veka i advent.
Stoff ein vil ha med, må vera innsendt innan **10. november.**

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen

www.bunadogstakkastovo.no